

Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Avdeling for
Innovasjon og næringsutvikling (INN)

Dato 10.01.2022
 Vår referanse 2022/1875-4
 Dykker referanse
 Sakshandsamar Endre Korsøen
 E-post Endre.Korsoen@vlfk.no
 Telefon 91764632


Lerøy Vest AS - Søknad om løyve til å etablere anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure ved Gjerdneset i Alver kommune

Vestland fylkeskommune viser til søknad motteke 04.01.2022 frå Lerøy Vest AS om løyve til etablering av anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure ved Gjerdneset i Alver kommune.

Søknaden gjeld etablering av ny lokalitet med maksimalt tillaten biomasse (MTB) på 3120 tonn.

Det vert søkt om å få klarert areal for utlegging av ei rammefortøyning som er 660 meter lang og 110 meter brei. Samla overflate areal for merdsanlegget vil vera 72 dekar. Anlegget vil bestå av 6 merdar kvar med ein flytekrage som er inntil 200 meter i omkrets. Det er søkt plassert ein forflåte på langsida av anlegget mot sør.

Kartet under syner omsøkt plassering av installasjonane og arealplanen.



I kommuneplanen ligg omsøkt areal for plassering av merdanlegg, førflåte og delar av fortøyingane i område avsett til kombinert føremål med akvakultur FEFIAKFR_2. Fortøyinga vil delvis gå inn i areal avsett til området for bruk og vern av sjø og vassdrag. Dette føremålet er ikkje til hinder for naudsynt fortøyning av anlegg for akvakultur.

Som bakgrunn for søknaden oppgjev Lerøy Vest AS mellom anna:

LS er ein stor aktør innan havbruk i Vestland fylke og vi er opptatt av langsiktige og stabile rammevilkår, slik at vi kan oppretthalde produksjonen av laks og regnbogeaure i framtida. Vi er også avhengig av reint

oksygenrikt sjøvatn i produksjonen og er sårbar for ulike endringar i naturen, derfor er berekraft viktig for oss.

Det som på kort sikt kan påverka vår moglegheit til å oppretthalda produksjonen er:

- Varmare sjøvatn, som fører til redusert oksygeninnhald, spesielt ved botn i terskelfjordar.
- Lokalitetar ligg i tronde farvatn/områder, som fører til at ein ikkje kan auke akvakulturområda i arealplan og da kan vi ikkje bytte ut gamle anlegg til meir framtidsretta anlegg som plastringar i rammefortøyning.
- Stort press på lokalitetar, der storsamfunnet har konkurrerande interesse. Eksempel her er dumping av sprengstein i sjø i nærliken av våre havbrukslokalitetar, som kan gjera stor skade i anleggsperioden og vi veit ikkje følgjene i ettermiddag.

LS ønsker å oppretthalda produksjonen av laks og regnbogeaure og ha moglegheita til å nytta dei beste berekraftige løysingane i framtida. Dette er årsaken til at vi vil sikra selskapet ein ny havbrukslokalitet ved Gjerdeneset.

Tiltaket fell inn under forskrift om konsekvensutgreiingar. Søknaden skal då handsamast etter § 10 i forskriften. Såkalte vedlegg II-tiltak kan berre påleggast «supplerande utregreiingar» dersom det er venta at tiltaket vil få vesentlege verknader som ikkje allereie er gjort greie for i søknaden.

Fylkeskommunen si vurdering er at miljødokumentasjonen i søknaden gir godt nok grunnlag for å vurdere om tiltaket får vesentleg verknad for miljø og samfunn, jf. vedlegg III i forskriften. Dersom berørte partar meiner tiltaket kan få vesentlege verknader, og desse verknadane ikkje allereie er tilfredsstilande gjort greie for i søknaden, må dette meldast til fylkeskommunen innan 4 veker etter kunngjering. Vi minner om at det er fagmyndighetene for dei respektive kriteria i vedlegg III som skal vurdere om dei meiner tiltaket kan få vesentlege verknader innanfor sitt område og eventuelt melde dette inn til fylkeskommunen. Det skal konkretiserast kva forhold som bør utgjera nærmare.

Offentleg utlysing og kommunal uttale

Vestland fylkeskommune ber om at Alver kommune vurderer søknaden, samt legg søknaden ut til offentleg ettersyn, i samråd med sokjar, i ein periode på 4 veker. Søknaden skal i denne samanheng annonserast i Norsk Lysingsblad og to aviser som er vanleg lest i området (jf. Forskrift av 22.12.2004 nr. 1798 om tillatelse til akvakultur for laks, ørret og regnbueørret § 8). Faktura for annonseutgifter kan sendast til sokjar.

Eventuelle merknader frå offentleg ettersyn og kommunen sin uttale, ber ein om vert send til Vestland fylkeskommune snarast råd.

Dersom noko er uklart i samband med handsaming av søknaden, ber vi om at De tek kontakt.

Med helsing

Endre Korsøen
seniorrådgjevar
INN - Naturressursar, landbruk og reiseliv

Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen håndskrivne underskrift

Kopi: Lerøy Vest AS

Saksgangen i søknader om klarering av akvakulturlokalitet: